



Arkivnr: 2018/11087-1
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 31.05.2018 |
| Fylkestinget | | 12.06.2018 |

Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsmelding 2017

Kunnskapsdepartementet har i sine retningslinjer for Regionale forskingsfond fastsett at kvart fond skal lage ei årsmelding om verksemda. Meldinga skal også handsamast av fylkestinga i fondsregionen.

Årsmeldinga skal svare på den bestillinga som fylkestinga har gitt til styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet. Meldinga også vere til grunn for eventuelle supplerande føringar frå fylkestinga til styret i fondet.

Økonomi: Aktiviteten i fondet er hovudsakleg finansiert gjennom eiga løyving frå Kunnskapsdepartementet.

Klima: Fondet har som målsetnad å bidra til eit berekraftig nærings- og samfunnsliv, og redusere skade på klima.

Folkehelse: Fondet har eiga utlysing ovanfor kommunal sektor, der folkehelse kan vere forskingstema.

Regional planstrategi: Fondet sine mål og innsatsområde er i tråd med føringane i regional planstrategi.

Årsmeldinga for 2017 er redigert i kortare format og med fleire eksempel enn tidligare år. Det er ikkje laga eige samandrag. Årsmeldinga for Regionalt forskingsfond Vestlandet 2017 vert lagt fram til godkjenning.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmeldinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet for 2017

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Årsmelding 2017 frå Regionalt forskingsfond Vestlandet.